

Kjære bygdefolk

På søndag som kjem, den 14, august 2014 kl.11, skal den nye soknepresten i Uskedalen ordinerast til prest i Den norske kyrkje og innsettast som prest i vårt sokn.

Det er ikkje ofte det er ordinasjon i kommunen vår. Eg veit heller ikkje om det i det heile har vore ordinasjon her tidlegare, Slik eg forstår det, er det ofte dei nyutdanna prestane vel å bli ordinert på heimstaden sin, for det har dei høve til. Men Lina Håland har gjort oss den ære at seremonien vert halden her hjå oss.

Både nyepresten og eg frå soknerådet hadde ønska at ordinasjonen kunne skje i kyrkja i Uskedalen. Men dette har vi ikkje lukkast med å få til, då det er eit ønske å nytte den største kyrkja i tenestområdet.

Eg vil med dette oppfordre bygdefolket i Uskedalen om om å kome til ordinasjongudstenesta, som vil vere i Husnes kyrkje fyrstkomande søndag. Og eg trur dette vil verte ei fin stund for alle!

Etter gudstenesta så vil der bli skipa til ei feststund i Husnes Bedehus. Alle som ønskjer det, er også hjarteleg velkomne dit!

Vidare så vil eg også minne om konserten i Valen kyrkje kvelden før kl. 20.00 der den nye soknepresten vår vil delta.

Med ynskje om ei fin helg,
vennlege helsingar frå
Uskedal sokneråd
Møyfrid Kristoffersen
leiar